

Retningslinjer for bruk av Bø torg og Evjudalen friluftspark

Bø torg og Evjudalen friluftspark skal vere møteplassar med låg terskel for alle. Bø kommune ønskjer å legge til rette for at alle som vil skal kunne bruke områda. Vi har utarbeidd retningslinjer for bruk av Bø torg og Evjudalen.

1. Bø kommune har 8 torgplassar som vender ut mot Bøgata. Desse er tilrettelagt for faste salgsboder med eigen straumtilgong.
2. Evjudalen er tilrettelagt for allsidig aktivitet, og det er lagt opp straumboks for arrangement.
3. Alle som ønskjer å bruke Bø torg til organisert aktivitet skal melde dette inn til informasjonskontoret på kommunehuset. For bruk av Evjudalen friluftspark gjeld melding til kommunen kun ved større arrangement slik som konsertar eller marknad, som kan komme i konflikt med annan aktivitet i dalen.
4. Nøkler for å låse opp pullertar på torget kan hentast på informasjonskontoret eller i ein nøkkelboks med kode på kommunehuset. Vaktmeister tar seg av tilvisning av plassar på torget.
5. Alle som skal benytte seg av Bø torg (torgplass) eller Evjudalen til større arrangement - må på førehand skrive under på ei avtale om å følge gjeldane retningslinjer. Avtala kan anskaffast og underskrivast innanfor åpningstidene til informasjonskontoret eller lastast ned på heimesida til Bø kommune.
6. All organisert aktivitet som skal føregå på Bø torg eller ved større arrangement i Evjudalen skal fortløpande leggast inn i Bø kommune sin Outlook-kalender (dag og tidspunkt). Dersom arrangøren sjølv ikkje har tilgang til kalenderen, skal dette gjerast av informasjonskontoret med adresse: postmottak@bo.kommune.no
7. All bruk av Bø torg og Evjudalen er gratis. Det er imidlertid mogleg å skrive heilårskontrakt for faste torgplassar til ein pris av 2000 NOK. Skrivning av heilårskontrakt gjerast etter nærmare avtale med Bø kommune ved informasjonskontoret. Ved bruk av straumboks i Evjudalen skal straumen avlesast før og etter arrangement, og pris avreknast og fakturerast av kommunen.
8. Innehavarar av heilårskontraktar på Bø torg må vere merksame på at dei ved enkelte større arrangement kan komme til å bli flytta til alternative plassar.
9. Sentrumsringen står ansvarleg for bruk av torget på Nattåpent, Oktobermarknad og Maimarknad. Sentrumsringen kan kontaktast for tinging av torgplass til desse arrangementa.
10. Alle som nyttar seg av torgplassar på Bø torg eller Evjudalen må sørge for at det blir rydda på og rundt plassen sin etter bruk. Skadeverk skal erstattas av leietakar.
11. Ved arrangement med servering av alkohol må arrangøren kunne framvise eige sjenkeløyve, og kunne dokumentere toalettløysing.
12. Ved leige av Bø Torg må lensmannen og Midt-Telemark brann og redningsteneste varslast om arrangementet:
Bø og Sauherad lensmannskontor: 02800
Midt-Telemark brann og redningsteneste: 35 94 63 62 eller 911 24 212.

Kontakinformasjon for tinging av torgplass:

Informasjonskontoret Bø kommune: 35 05 90 00, e-post: postmottak@bo.kommune.no

Kontakt Sentrumsringen for informasjon og tinging av plass til Nattåpent, Maimarknad og Oktobermarknad: 415 24 411 e-post: post@sentrumsringen-bo.no